



Tilleggsinnkalling

av

Kommunestyret

Møtedato: 11.12.2017

Møtestad: Kommunestyresalen

Møtetid: 10:00 - 16:00

Orientering v/dagleg leiar i GMU Ragnhild Undertun i starten av kommunestyremøte.

Eventuelle forfall må meldast til Anne Kristin Rafoss per tlf. 56166291, sms til 90898072 eller per epost til anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærmere avtale.

Saksliste:

085/2017 Endeleg godkjenning av kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet

7. desember 2017

Karstein Totland
møteleiar

Anne Kristin Rafoss
sekretær

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|-------------------|--------------------|------------|
| Alf Magnar Strand | FE - 144, FA - C20 | 16/844 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|---------------|------|------------|
| 085/2017 | Kommunestyret | PS | 11.12.2017 |

Endeleg godkjenning av kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet

32T

| Journalposttittel | Dato |
|---|------------|
| Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet - framlegg til formannskapet | 06.12.2017 |
| Masfjorden - innspel til kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fys (L)(67929) | 06.12.2017 |

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet vert godkjent slik det ligg føre. Merknadene fra Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vert arbeidde inn i planen.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Formannskapet gjorde i møtet 19.04.2017, sak 39/2017 slikt vedtak:

«I medhald av Plan- og bygningslova §4-1 og §§ 11-14 vert kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet send på høyring. Høyringsperioden vert sett til 6 veker etter kunngjering».

Høyring

Ved ei forgloyming vart ikkje planen send ut på høyring før i slutten av oktober. Høyringsfristen vart sett til 1. desember. Det har kome innspel frå Hordaland fylkeskommune, Masfjorden eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Vurdering

Det kom ingen innspel til innhaldet i planen under formannskapet si handsaming. I høyringsrunden i haust har Hordaland fylkeskommune, Masfjorden eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne kome med merknader. Fylkeskommunen har ingen konkrete endringsframlegg og synest Masfjorden har laga ein god plan, men peikar på at planen bør innehalda eit kortsiktig og langsiktig handlingsprogram.

Rådmannen vil peika på at eit slikt program alt er utarbeidd og blir lagt fram for kommunestyret i

eiga sak. Dei andre innspela frå fylkeskommunen blir tekne til orientering.

Eldrerådet vil ha tilføya eit punkt under 1.6 Tiltak: h) tilrettelagde aktivitetar som er særskilt tilpassa dei eldre.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vil ha inn eit nytt punkt under 1.6. i) tilrettelagde aktivitetar som er særskilt tilpassa funksjonshemma.

Rådmannen meiner at desse to punkta kan leggast til under pkt. 1.6 i planen.

Utkastet til kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet kan dermed godkjennast slik det ligg føre. Merknadene frå Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vert arbeidde inn i planen.

Konklusjon

Utkastet til kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet blir godkjent slik det ligg føre. Merknadene frå Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vert arbeidde inn i planen.

Masfjorden kommune



KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT, FRILUFTSLIV OG FYSISK AKTIVITET 2017 – 2024



Innhold

| | |
|--|----|
| 1.0 Innleiing og bakgrunn for planen | 3 |
| 1.1 Føremålet med planen | 4 |
| 1.2 Organisering av planarbeidet | 4 |
| 1.3 Satsing på folkehelse | 4 |
| 1.4 Målsetjing | 6 |
| 1.5 Mål for perioden 2017-2024 | 6 |
| 1.6 Tiltak | 7 |
| 2.0 Utfordringar og verkemiddel..... | 7 |
| 2.1 Sikring av aktivitetsområde | 7 |
| 3.1 Finansiering av aktivitets- og anleggskostnadane..... | 7 |
| 3.2 Aktivitetsmønster i endring..... | 8 |
| 3.3 Godkjenning av tiltak eller anlegg..... | 9 |
| 4.0 Resultatvurdering av planen frå 2011 -2014..... | 10 |
| 5.0 Anleggsliste for perioden 2017-2024 (ikkje prioritert liste) | 11 |
| 6.0 Anleggsprioritering 2017-2020..... | 12 |
| 7.0 Andre tiltak for å auka fysisk aktivitet | 12 |

1.0 Innleiing og bakgrunn for planen

Fysisk aktivitet er ei kjelde til glede, overskot og meistring. Det kjennest godt å bruka kroppen. Fysisk aktivitet kan vera leik, naturopplevingar, konkurranse og spenning. Aktivitet fremjar fysisk og psykisk velvere. Fysisk aktivitet førebyggjer sjukdom og gjev betre helse gjennom heile livet. Eit samfunn som legg til rette for fysisk aktivitet, gjev gode levekår.

Menneskekroppen er skapt for rørsle. Likevel er mange for lite fysisk aktive. Mangel på fysisk aktivitet er så omfattande at det medfører ein helserisiko. Langvarig fråver av fysisk aktivitet skaper auka trøng for tilrettelegging, og det aukar fråveret frå arbeidslivet, samstundes som det fører til auka bruk av helsetenester. Dette gjev store samfunnsøkonomiske kostnader.

Masfjorden kommune har eit folketal på 1710 pr. 1.1.2017. Det er ein auke på 31 personar sidan den førre kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet vart vedteken i 2011.

Fordelinga på skulekrinsane er slik pr. 1.1.2017, tala frå 2010 i parantes.

| Sandnes | Nordbygda | Matre |
|-----------|-----------|-----------|
| 517 (465) | 728 (718) | 465 (452) |

I aldersgruppa 0-16 år er fordelinga slik pr. 1.1.2017, tala frå 2010 i parantes:

| Nordbygda | Matre | Sandnes |
|-----------|----------|-----------|
| 135 (131) | 93 (106) | 102 (107) |

I 2016 har kommunen 6 ulike idretts- og skyttarlag. Medlemstala for 2016 samanlikna med 2009:

| | 2016 | 2009 |
|-------------|------|------|
| Under 19 år | 265 | 376 |
| Over 19 år | 446 | 446 |



1.1 Føremålet med planen

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2017-2024 avløyser gjeldande kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2011-2014 som ved vedtak i kommunestyret er forlenga til å gjelda til ny plan er på plass.

Kommunedelplanen skal vera eit politisk dokument og eit styringsverktøy, men samstundes er det eit krav frå Kulturdepartementet om at tiltak må vera prioritert i ein kommunal plan for at ein skal kunna søkja spelemedilar. Kommunedelplanen er styrande for anleggstilbodet i kommunen. Likevel er det viktig å hugsa på at denne planen skal vera noko meir enn ein rein anleggsplan

Det er i dag mykje kunnskap om dei positive effektane av å vera i fysisk aktivitet og kva fråvere av fysisk aktivitet kan medføra for individ og samfunn. Korleis kan me bruka dei naturgjevne mulighetene for å legga betre til rette for fysisk aktivitet for alle?

1.2 Organisering av planarbeidet

Masfjorden formannskap gjorde i møte 8. november 2016, sak 107/2016, vedtak om oppstart av arbeidet med ny kommunedelplan. Vedtaket lyder slik:

«Masfjorden kommune startar i medhald av plan- og bygningslova § 11-12 opp arbeidet med ny kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet for perioden 2017-24. Idrettsrådet er representert med ein representant i arbeidsgruppa.»

Ei arbeidsgruppe vart oppnemnd til å driva arbeidet. Med i arbeidsgruppa har vore Helga Irene Ellingsen, Sveinung Toft og Alf Strand frå administrasjonen og Ståle Daae frå idrettsrådet.

1.3 Satsing på folkehelse

Levekår og folkehelse er viktige satsingsområde i kommuneplanen sin samfunnsdel, kommunedelplan for oppvekst og kommunedelplan for helse, omsorg og sosial. I planarbeidet er det fokus på at førebygging og aktivitet skal vinne fram i høve behandling og reparasjon. Masfjorden kommune har utarbeida folkehelseoversikt som var godkjent i kommunestyret Dette er ei oversikt over helsestilstanden i befolkninga, og dei positive og negative faktorane som verkar inn på denne.

Når det gjeld undersøking av fysisk aktivitet blant innbyggjarane i Masfjorden kommune, finst det ikkje data på dette. Fysisk aktivitet er utfordrande å kartlegga. Generelt trur mange at dei er meir aktive enn dei eigentleg er, og me brukar ein større del av dagen i ro enn me trur. Nasjonale undersøkingar jf. helsedirektoratet viser at ikkje meir enn 1/3 del av den vaksne befolkninga er tilstrekkeleg fysisk aktive. Noko av forklaringa er mindre kvardagsaktivitet; ein har meir stillesittande arbeid, ein køyrer meir bil og sit meir i ro på kveldstid. Vaksne bør ha minst 150 minuttar moderat eller 75 minuttar høg intensitet per veke.

For barn og unge blir aktivitetsnivået redusert med aukande alder. Det er anbefalt at barn skal vere moderat aktive i 60 minuttar kvar dag. Den delen som tilfredsstiller anbefalingane er redusert med aukande alder:

- Blant 6 åringane: 87% av jentene og 96% av gutane
- Blant 9 åringane: 70% av jentene og 86% av gutane
- Blant 15 åringane : 43% av jentene og 58% av gutane

Objektivt registrert fysisk aktivitet viser at 6-åringane har 21 % høgare aktivitetsnivå enn 9-åringane, og 9-åringane sitt aktivitetsnivå er 40% høgare enn 15-åringane. I alle aldersgruppe er det fleire gutar enn jenter som tilfredsstiller anbefalingane for fysisk aktivitet. Ein stor del av dagen blir brukt til å sitte i ro. 6-åringane brukar ca. 50% av dagen i ro, tilsvarande for 9-åringane og 15-åringane er 60% og 70%.

I folkehelseoversikta for Masfjorden kommune har ein ikkje data til å gjere ei god kartlegging av korleis det fysiske aktivitetsnivået til born og unge i Masfjorden kommune er. Men det er gjennomført ei kartlegging blant ungdomsskuleelevar i samband med folkehelseoversikta hausten 2015. I denne fann ein at fordeling av aktivitetsnivå var relativt likt mellom begge kjønn. 69% av jentene og 73% av gutane rapporterte at dei var fysisk aktive 2 gonger i veka eller meir. På spørsmål om kor mange timer ein var i aktivitet per veka, rapporterte 81% av jentene og 67% av gutane om 2-3 timer eller meir kvar veka. Utifra denne undersøkinga kan det tyde på at dei unge i Masfjorden er meir aktive enn gjennomsnittet i landet.

Menneske med nedsett funksjonsnivå er ofte mindre aktive enn andre. Utfordringane for denne gruppa er at dei kan ha behov for assistent som kan følgja og evt. delta i aktivitetane, manglande informasjon om tilbod og muligheter, manglande kompetanse i idrettslaga og manglande spesialutstyr som ein kan ha behov for. Menneske med nedsett funksjonsnivå skal i utgangspunktet integrerast i det ordinære idrettsarbeidet. I Masfjorden kommune er det få turstiar og område som er tilrettelagt for personar med nedsett funksjonsnivå og som treng hjelpemiddel for å kunne bevege seg.

Eit anna viktig moment som påverkar aktivitetsnivået til alle, er nærliek til tilbod. Til lenger ein bur frå friområde, idrettsanlegg og treningsenter, til lågare er aktivitetsnivået. Det å etablere nye nærmiljøanlegg, turstiar m.m. vil bidra til å auke aktivitet i nærmiljøa. På landsbasis er det idrettshallar, symjehallar, skiløyper og fotballanlegg som er mest brukt i aldersgruppa 8- 19 år. For barne og unge er det viktig at Masfjorden kommune er oppdatert på trendar innan eigenorganisert aktivitet i høve utbygging av nye nærmiljøanlegg. Undersøkinga viser også at jogging, sykling, symjing og skiturar er viktige aktivitetar for vaksne, i tillegg til treningsenter.

Fysisk aktivitet er eit veldig viktig område i folkehelsearbeidet, men det same gjeld sosial aktivitet. Masfjorden kommune er ein geografisk stor kommune med spreidd busetnad. Dette medfører store avstandar og det kan vere utfordrande å møte andre til sosial aktivitet på fridtida. I undersøkinga som vart gjennomført av ungdomsskulelevane hausten 2015, var idrett og nærmiljøanlegg også rapportert som viktige møteplassar for sosial aktivitet på fritida. Dette kan vere ein grunn til at ungdom i Masfjorden er meir aktive enn på landsbasis. I ein kommune som Masfjorden har difor nærmiljøanlegg og idrettsanlegg også stor verdi som møteplass.

I løpet av 2016 og 17 har Masfjorden fått fleire flyktningfamiliar frå Syria. I flyktningtenesta legg ein stor vekt på at flyktningbarn skal få delta på fritidsaktivitetar. Undersøking viser at jenter frå minoritetar er ei gruppe som ofte har mindre deltaking i idrett og fysisk aktivitet.

1.4 Målsetjing

Målsetjinga i kommunedelplanen for perioden 2011 -2014 lyder slik:

- Legga til rette for auka fysisk aktivitet for alle aldersgrupper
- Motivera innbyggjarane til auka fysisk aktivitet
- Prioritera planlegging og utvikling av anlegg/område som kan gjera det lettare for fleire å driva ei eller anna form for idrett og fysisk aktivitet
- Gjennom tilrettelegging av turvegar/-løyper og -stiar og møteplassar i naturen motivera alle aldersgrupper til å komma seg ut
- Stimulera etablert idrett og filuftsliv for å hindra fråfall

Bakgrunnen for desse måla den gongen var ei erkjenning av at feilernærings, overvekt og livsstilssjukdomar kan ha sin bakgrunn i liten fysisk aktivitet, og at desse problema då såg ut til å stiga. Framleis er det nok grunn til å halda på denne målsetjinga, sjølv om det kan sjå ut til at ein eit stykke på veg har lukkast med å nå desse måla.

Gjeldande Folkehelselov gjev kommunane og fylkeskommunane ansvar for å legga til rette for nok fysisk aktivitet for alle innbyggjarar slik at me oppnår ei god folkehelse. Folkehelseperspektivet skal vera med i all samfunnsplanlegging. Gjeldande regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 omhandlar tilrettelegging og målsetjingar for fysisk aktivitet. Masfjorden kommune ynskjer i kommunedelplanen å ha ei målsetjing som er i tråd med den regionale kulturplanen og gjeldande føringar i Lov om folkehelse.

Alle anlegg som ein kan søkja spelemidlar til, skal takast med i planen.

1.5 Mål for perioden 2017-2024

- Barn (5-12 år) og ungdom (13-19) vil vere dei viktigaste målgruppene for kommunen sin idrettspolitikk . Fleire born og unge skal vera i fysisk aktivitet minst 60 min dagleg.
- Det er viktig å legge til rette for at personar som i dag er fysisk inaktive, kjem i gang med aktivitet. Fleire vaksne skal vera i fysisk aktivitet i minst 30 min dagleg
- Fleire eldre skal vera i fysisk aktivitet minst 30 min dagleg



1.6 Tiltak

- a) Barn og unge og personar med særskilte behov skal få eit variert tilbod innan idrett og fysisk aktivitet. Ordninga med treningskontaktar må takast meir i bruk.
- b) Halda fram ordninga med at alle 5-åringar i barnehagane får symjeopplæring .
- c) Legga til rette for at barn, unge og eldre jamnleg deltek i friluftsaktivitetar
- d) Prioritera planlegging og utvikling av anlegg/område som kan gje det lettare for fleire å driva ei eller anna form for idrett og fysisk aktivitet
- e) Legga tilrette turvegar/-løyper og -stiar og møteplassar i naturen og slik motivera alle aldersgrupper til å komma seg ut
- f) Legga til rette for tilkomst og fleire gode anlegg for friluftsliv
- g) Stimulera etablert idrett og friluftsaktivitet for å hindra fråfall

2.0 Utfordringar og verkemiddel

2.1 Sikring av aktivitetsområde

Idrettsanlegg må vere tilgjengelege og i klare til bruk. Laga som eig eller har driftsavtalar må syte for at det vert tildelt tid for både organisert og uorganisert aktivitet. Masfjorden kommune ved skulane må syte for at fysisk aktivitet får prioritert ved tildeling av tid til bruk av gymnastikksalar.

Behov for aktivitetsområde til leik, idrett og friluftsliv som kjem fram gjennom planarbeidet må sikrast gjennom arelplanar. For byggjeområde bør det stillast areal- og funksjonskrav til leikeareal og anna opphaldsareal ute, også krav om samstundes ferdigstilling av bustad- og uteområde.

Trafikksikringsplanar legg opp til at gang- og sykkelaktiviteter kan gjennomførast trygt i tettbygde områder. Gange og sykling bør tilretteleggast som ein viktig del av aktivitetsgrunnlaget både for uorganisert og organisert trening og fysisk aktivitet og for allmenn god folkehelse. Det er viktig at barn og unge kan nå skulen med minst mogeleg transport og gjerne på eiga hand utan å risikera liv og helse.

Masfjorden kan by på allsidige friluftsområde både i låglandet og i høgfjellet. Bruken av naturen til fysisk aktivitet har fått stor betydning for den fysiske aktiviteten og folkehelsa i kommunen. Tilkomst, parkering og merking av farbare trasear vil fremje denne aktiviteten. Eit tett samarbeid med grunneigarar og landbruksinteresser må ligge til grunn.

3.1 Finansiering av aktivitets- og anleggskostnadane

Nordbygda idrettsanlegg er eigd av Masfjorden kommune. Masfjord Fotballag har ein driftsavtale med kommunen om drift og vedlikehald.

Matre symjebasseng er eigd av Masfjorden kommune. Kommunen har ein drifts- og vedlikehaldsavtale med IL Bjørn West og Einekavane om vakthald, vaktmeistertenester og reinhald.

Matre stadion er privat. IL Bjørn West har ein leigeavtale med grunneigar og ein vidare leigeavtale med Masfjorden kommune for heile anlegget. IL Bjørn West har ein leigeavtale vidare med Masfjord Fotballag for fotballbana. Masfjorden kommune eig nærmiljøanlegg ved alle skulane. Masfjorden kommune skal ha ein drifts- og vedlikehaldsavtale med IL Bjørn West.

3.2 Aktivitetsmønster i endring

Den forrige kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet tok omsyn til eit aktivitetsmønster i endring. Nye krav hjå brukarane, særinteresser og kvalitetsskrav til tilboda kunne gje bod om nye utfordringar. 4 år etter er erfaringane at innbyggjarane og særleg dei unge som var i denne målgruppa, har tilpassa seg lokale tilhøve og kombinasjon med eksterne miljø, både innan utdanning og idrettsleg aktivitet. Ei rekke av ungdomane som har vore knytt til den lokale idrettsaktiviteten har søkt nye og vidareutviklande idrettsmiljø samt studietilbud knytt til idrett i den vidaregåande skulen. Dette er ei naturleg utvikling for idrettsinteressert ungdom i Masfjorden der vi ikkje kan tilby treningsmiljø eller anlegg for toppidrett. Likevel kan vi gjennom dei lokale idrettslagene og idrettsskulen skape grobotn og haldningars som skal til for å lykkast i toppidretten.

Etableringa av kunstgrasdekke på grusbanene i Masfjorden har gitt auka aktivitet. No er småbanespel nye aktivitetsformar innan fotballen og anlegga i kommunen kan imøtekome dette lokalt i alle dei 3 skulekrinsane.

Integrering i idretten og lokalsamfunna har fått stort fokus etter den store flyktningetilstrøyminga i 2015 og 2016. Idrettslaget i Masfjorden har vore raskt på bana og invitert desse nye innbyggjarane inn i sine klubbmiljø og latt dei få ta del i aktiviteten der. Det har gjort integreringa både raskare og betre enn ein kunne vente. Idrettsmiljøa ser også på dei vaksne som kjem som ressurspersonar i klubbmiljøet.

Ei anna integrering som ikkje har gått like raskt, er tilrettelegging for menneske med særleg behov. Dette gjeld både barn, unge og vaksne.

Det vert ei målsetjing for idrettslagene og Masfjorden kommune å integrere fleire menneske med særlege behov anten gjennom ordinær eller tilrettelagt aktivitet ved dei anlegga og aktivitetane som kan nyttast.

Å aktivisera heile familien samstundes kan vere ein god ide for ei effektiv og god folkehelse for alle. Mange foreldre engasjerer seg i leiar- og instruktør oppgåver i dei gruppene dei har born med. Det gir eit godt samspel, tryggleik og oversikt over korleis barna utviklar seg og finn si rolle i miljøa. Likevel er det framleis ein del foreldre som i fyrste rekke er sjåførar. For desse bør ein leggja til rette for fysisk aktivitet enten utandørs eller innandørs samstundes som barna har sin aktivitet. Tilboda bør i fyrste rekke vere lågterskeltilbod med sosial profil. Dette er både godt miljøtiltak og godt folkehelsetiltak.

Grendelag og andre lag og organisasjonar vil vere viktige pådrivarar i sine nærmiljø for å motivera og inkludera fleire unge og vaksne til fysisk aktivitet. Dette kan gjerast gjennom allsidig bruk av nærmiljøanlegga, faste tider for felles marsj, søndagsturar o.a. Arbeidsplassane kan motiverast til felles turaktivitetar, skritteljarkonkurransar etc. for å mobilisera til daglege halvtimar med fysisk aktivitet. Dette gjeld først og fremst dei som ikkje er aktive i den organiserte idretten.

Når det gjeld den eldre generasjonen, vil organisasjonar som pensjonistlaget og eldrerådet vere viktige pådrivarar. Den kommunale omsorgstenesta bør og vere med å legga til rette for tilpassa fysisk aktivitet blant dei som nyttar denne tenesta. Idrettsforbundet utdannar ei rekke treningskontaktar som vil ha kompetanse for å bistå brukarar med særlege behov. Det bør vurderast i kva omfang ein kan ha trøng for slik assistanse for å nå måla om fysisk aktivitet blant eldre og menneske med særlege behov.

3.3 Godkjenning av tiltak eller anlegg.

Det er opp til kommunen å godkjenna planar for det einskilde idrettsanlegg. Dette omfattar idretts- og friluftpolitiske tilhøve, idretts- og friluftsfaglege tilhøve eller tekniske tilhøve som tilkomst, plassering, tryggleik osb. Planar bør ikkje godkjennast før dei er samordna og vurdert opp mot andre kommunale planar. Tilkomst og parkering må vektleggjast ved etablering av nye anlegg og rehabilitering av eldre.

Idrettsrådet er høyringsinstans i arbeidet med kommunale planar.

Dei estetiske og miljømessige sidene ved planane er alltid viktige. Planane må også korrespondera med overordna planar og fellesinteresser.

Den prioriterte anleggsplanen i perioden skal årleg rullerast og godkjennast av Masfjorden kommunestyre.



4.0 Resultatvurdering av planen frå 2011 -2014.

Masfjorden kommune og ikkje minst lag og organisasjonar har vore driftige med å halde god framdrift i utbygging . Mange av tiltaka i det prioriterte handlingsprogrammet for perioden 2011 – 2014 er blitt gjennomført. Alpinalegget i Stordalen som vart gjennomført i planperioden 2006 – 2010 har levd opp til forventningane om auka vinteraktivitet. Symjebassenget på Matre måtte stengast og vart omprioritert til 1.plass i planperioden. Ombygging av fotballbaner frå grus til kunstgrasdekke er gjort i alle 3 delane av kommunen. Dette har umiddelbart auka aktiviteten ved anlegga.

Utbyggingstempoet dei seinare åra har basert seg på vesentleg medfinansiering av idrettslaga. Dette kan ein ikkje venta skal gjelda generelt då laga først og fremst treng å finansiere eit godt og breitt aktivitetstilbod. Ein bør legge til grunn eit prinsipp om at kommunen byggjer anlegg og laga fyller dei med aktivitet. Kommunen har i mange tilfelle forskottert spelemediane slik at arbeidet kunne utførast. Men med dei økonomiske utsiktene kommunen no har for planperioden, må ein innsjå at det er lite investeringsmidlar kommunen kan bidra med.

Ein lyt og skilje tydelegare eigarrollene til anlegga av omsyn til kven som kan få mva. refusjon. Anlegg som er tilrådd interkommunalt vil få auka løyying av spelemedilar, og bør tilrådast ved dei største anlegga og som vil nyttast av brukarar utafor kommunen.

Følgjande anlegg er tildelt spelemedilar i perioden 2012 – 2016

| | | | |
|---|----|-----------|--------|
| Miniatyrskytebane med elektroniske skiver Sandnes | Kr | 45 000 | (2012) |
| Aktivitetsanlegg Matre skule | Kr | 200 000 | (2013) |
| Kunstgras fotballbane Hosteland | Kr | 412 000 | (2014) |
| Kunstgras fotballbane Sandnes | Kr | 200 000 | (2012) |
| Andvik ballbinge | Kr | 21 4000 | (2014) |
| Fleirbruksanlegg Matre | Kr | 300 000 | (2015) |
| Matre symjebasseng | Kr | 1 500 000 | (2015) |
| Matre symjebasseng | Kr | 900 000 | (2016) |
| Nærmiljøanlegg Nordbygda skule | Kr | 200 000 | (2016) |

Tiltak det er søkt , men som ein enno ikkje har fått spelemedilar til:

Kunstgras idrettsbana Matre
Kunstdekke løpebana Matre
Matre symjebasseng (restløyying)
Rehabilitering ballbinge Haugsvær

Anleggsutbygging som er gjennomført:

A: Ordinære anlegg:

1. Miniatyrskytebane Sandnes, elektroniske skiver
2. Matre symjebasseng oppgradering
3. Kunstgras på treningsfelt Nordbygda idrettsanlegg
4. Kunstgras på idrettsbana på Matre

I tillegg er det bygd kunstdekke på løpebana på idrettsbana på Matre.

B: Nærmiljøanlegg:

1. Matre skule, fritidspark
2. Kunstgras på grusbana ved Sandnes skule
3. Nordbygda skule, fritidspark
4. Ballbinge på Sørsida (Andvik)

5.0 Anleggsliste for perioden 2017-2024 (ikkje prioritert liste)

A: Ordinære anlegg

Rehabilitering friidrettsanlegg Nordbygda

Lysløype/turveg på Sleire

Rehabilitering skytebane, Fjon skyttarlag

Rydda og merka samanhengande stigar i fjellområdet mellom Andvik og Haugsdal

Dagsturhytte etter mønster frå Sogn og Fjordane

Turløyper i Stordalen, sommar og vinter

Utviding av skitrekket i Stordalen

Oppgradering av varme i bassenget Matre symjebasseng

Fleirbrukshall Hosteland

Ny varmestove Stordalen

B: Nærmiljøanlegg

Turløype Bakken, Kvingo

Minityrskytebane, Nordbygda

Vidare utvikling av nærmiljøanlegget ved Sandnes skule

Sandvolleyballbane Skolten, Kvingo

Turløype ved Nordbygda idrettsanlegg

Orienteringskart for områda rundt skulane

Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage

Turveg mellom Haugsvær og Matre

Turvegar i fleire bygdelag

Rydding og vedlikehald av den gamle vegen mellom Kjetland og Haukeland

Tilrettelegging for aktivitet i/ved sjø og vatn: kano og kajakk

C: Anlegg som må planleggast og konsekvensutgreiast før dei kjem med på prioriteringslista

Anlegg for nytt kaliber i skyting, 50 m bane

Anlegg for jakt, øvingsskyting

Turløype i Stordalen i tilknytning til alpinanlegget

Utskifting av kunstgrasdekke på ballbanene

6.0 Anleggsprioritering 2017-2020

A: Ordinære anlegg

Rehabilitering friidrettsanlegg Nordbygda

Lysløype/turveg på Sleire

Rehabilitering skytebane, Fjon skyttarlag

Ny varmestove Stordalen

Rydda og merka samanhengande stigar i fjellområdet mellom Andvik og Haugsdal

B: Nærmiljøanlegg

Turløype Bakken, Kvingo

Sandvolleyballbane Skolten, Kvingo

Minityrskytebane, Nordbygda

Vidare utvikling av nærmiljøanlegget ved Sandnes skule

7.0 Andre tiltak for å auka fysisk aktivitet

Krafttak for tilsette – stimulering til aktivitet

Fysisk aktivitet i skuletida

Framhald idrettsskule





MASFJORDEN KOMMUNE
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Dato: 01.12.2017
Vår ref.: 2017/16774-2
Saksbehandlar: hanespe
Dykkar ref.:

Att. - Alf Magnar Strand

Masfjorden – innspel til kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2017 - 2024

Masfjorden kommune har sendt kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2017 – 2024 til offentleg ettersyn med høyringsfrist 01.12.2017. Hordaland fylkeskommune tok i mot planen 6.11.2017.

Kulturdepartementet set følgjande krav i Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2017, punkt 2.2.7: Det er eit vilkår for å kunne søke om spelemidlar at anlegget er ein del av ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet.

Masfjorden kommune skriv at kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2017 - 2024 skal vera eit politisk dokument og eit styringsverktøy. Hordaland fylkeskommune meiner at mål og strategiar svarer på aktuelle utfordringar i Masfjorden kommune, er i tråd med vedteken regional politikk, og oppmodar til at gjennomføringa av kommunedelplanen vert prioritert i økonomiplanen. Hordaland fylkeskommune oppmodar til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka.

For ei effektiv gjennomføring av den regionale politikken i Hordaland er samspelet med stat og kommunar avgjerande. Slik fylkeskommunen vurderer det er heilskapen i planen i samsvar med hovudintensjonane i Regional kulturplan 2015 - 2025. For forankringa og gjennomføringa av den regionale politikken for idrett og friluftsliv er difor Masfjorden kommune sitt planframlegg eit godt rammeverk for vidare samarbeid mellom kommune, fylkeskommune og stat når handlingsprogramma vert utarbeidd.

Merknader til delkapitla:

1.0

Ei grei innleiing med konkret og ryddig oppstilling av bakgrunn og grunnlag. Det er for øvrig godt og tilgjengeleg språk gjennom heile planen, noko som i seg sjølv er med å forankre planen betre blant alle leesarar.

1.3

Hordaland fylkeskommune er positiv til at folkehelse får ei overbyggande rolle. Kunnskapsgrunnlag ligg til grunn for vurderingar og prioriteringar, samstundes som det vert sett i samanheng med statlege mål og føringer. Det er positivt at særlege grupper får auka merksemd, og at de peikar på dei utfordringane som

finnast, som t.d. deltaking blant jenter med minoritetsbakgrunn. Det er også veldig flott at de ser verdien av fysisk aktivitet i samanheng med sosial aktivitet. Det vil kunne gje stor overføringsverdi og meirverdi.

1.4

Her saknar vi referanse til [regional plan for folkehelse](#), Meld. St. 26 (2011-2012) [Den norske idrettsmodellen](#) og Meld. St. 18 (2015–2016) [Friluftsliv — Natur som kilde til helse og livskvalitet](#).

1.5

Måla som er sett er gode og enkle.

1.6

Det er positivt at kommunen ønskjer å legge til rette for særlege målgrupper. Tiltaka er retta mot områder der de ser utfordringar, og fylkeskommunen meiner at prioriterte tiltak er gode. Det kan kanskje vere naudsynt å konkretisere nokre av tiltaka, slik at det vert reelle tiltak og ikkje mål eller strategiar – som t.d. g) Stimulera etablert idrett og friluftsaktivitet for å hindre fråfall. I tillegg kan det hende at tiltaka c), d), e) og f) kan samlast noko – og konkretiserast betre. Dette kapittelet kan med fordel skrivast ut litt meir – gje døme på tiltak eller kanskje legge til ei forklaring.

2.1

Det er svært positivt at de i planen understrekar at det skal tildelast tid på idrettsanlegg for både organisert og eigenorganisert aktivitet. I tillegg vert det peika på at aktivitetsområder må sikrast gjennom arealplanar.

Fylkeskommunen har forståing for geografiske avstandar som gjer satsing på sykkelvegar til ei større utfordringar i nokre kommunar enn andre. De løyser dette fint gjennom ordlyden i kap. 1.2. avsnitt 3.

3.2

Kommunen skildrar situasjonen i Masfjorden, og legg med det grunnlag for vurderingane og prioriteringane i planen. Integrering gjennom idrett er eit fokusområde som vert løfta, både i høve flyktninger og menneske med særlege behov. Når det gjeld sistnemte gruppe, peikar planen på at det har vore meir utfordrande enn med flyktninggruppa. Ein av grunnane er mangel på tilrettelagte område. Fylkeskommunen oppmodar til å auke fokus på universell utforming for å styrke arbeidet med denne målgruppa. Kanskje kan målgruppa definerast særskilt i kap. 1.4 under målsetjingane. Det er eit mål å integrere fleire generelt – det hadde vore positivt om ein kunne sei noko meir konkret om korleis ein tenker det skal gjennomførast, og kven som eventuelt skal ansvarleggerast.

3.3

Anleggsutvikling er avhengig av gode prosessar og brei medverknad. Det er positivt at idrettsrådet er høylingspart i arbeid med kommunale planar. Det er også veldig bra at det er fokus på koordinering med andre kommunale planar. Fylkeskommunen oppmodar til å involvere endå breiare og særleg innan målgruppa (barn og unge). Og som inspirasjon legg vi ved denne lenka frå Norsk friluftsliv, som oppmodar kommunane i Noreg til å danne [aktivitetsråd](#).

Fylkeskommunen ønskjer at Masfjorden skal søkje om tilskot til kartlegging og verdisetting av friluftsområder i 2018. Frå 2018 vil det vere eit krav frå Klima- og miljødepartementet om å ha gjennomført ei kartlegging og verdisetting av friluftsområder for å kunne søke om statleg medverknad til sikring av slike område. Registreringsarbeidet er eit nasjonalt prosjekt for kartlegging og verdsetting. Maksimalt tilskot er kr 60.000 pluss kr 30.000 til digitalisering av data og konvertering til SOSI standar.

4.0

Det er positivt med resultatvurdering som grunnlag for komande prioriteringar. Fylkeskommunen oppmodar til å tenke interkommunalt for betre ressursutnytting og samhandling på tvers.

Planen bør i tillegg innehalde handlingsprogram både for anlegg og aktivitet knytt opp til budsjett. Programmet bør vere både kortsiktig og langsiktig. Vedlagt bør det også finnast kart.

Britt Karen Spjeld
Fylkesidrettssjef

Hanne Espe
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.